



## Sykkylven kommune

Arkiv: FA-X42  
JournalpostID: 24/3465  
Saksbehandlar: Torill Skjeret  
Dato: 22.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-07/24	Valnemnda	11.04.2024
PS-	Kommunestyret	

**Val av meddommarar til lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten for perioden  
1.januar 2025 - 31.desember 2028**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Kommunedirektøren har ikkje framlegg til vedtak.

Valnemnda - 07/24

**VALN - behandling:**

Valnemnda drøfta seg fram til ei samråystes tilråding. Alle kandidatar har svart ja til attval, eller har meldt seg som interessert i eit verv som meddommar.

**VALNVedtak:**

Valnemnda rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1)

Kommunestyret nemner opp slike meddommarar til lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten for perioden 01.01.2025 - 31.12.2028:

*Frostating lagmannsrett - meddommarar*

Nina Kristine Røe Eliassen

Liv Gullberg

Caroline Jasinha Tusvik

Hanne Oline Ulset

Margit Aure Overå

Julie Brochmann

Steinar Klokk

Arild Sporsheim

Aleksander Midtgård

Sindre Hellebostad

Gunnar Vik

Jostein Hole

**Sunnmøre Tingrett - meddommarar**

Evy Ann Ekornes  
Bergljot Hjortdal  
Renate Synnøve Karlsen  
Karoline Lied  
Grethe Helen Hellesylt Tynes  
Elisabeth Urke  
Audun Gautvik  
Manuel Navarro  
Helge Skrede  
Sigmund Harald J Valbø  
Tor Ole Johansen  
Maik John

**Jordskifteretten - meddommarar**

Liv Marie Lillevik  
Irene Tafjord Løvoll  
Guro Bjørnevik  
Kristin Grebstad  
Petter Harald Sætre  
Ådne Alf Brunstad  
Roger Garte  
Stian Gard Sve

2)

Administrasjonen gjennomfører prosessen med kontroll av vandel og eventuelle søknader om fritak m.m.

3)

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å foreta eventuelle vedtak om endringar før endeleg innrapportering av dei valde til Domstoladministrasjonen.

**Bakgrunn for saka**

Kommunen skal velje nye grupper av meddommarar for perioden 2025 - 2028 slik:

Meddommarar til Frostating lagmannsrett: 6 kvinner og 6 menn (dette er same antal som sist)

Meddommarar til Sunnmøre tingrett: 6 kvinner og 6 menn (dette er 16 færre enn sist)

Meddommarar til Møre og Romsdal Jordskifterett: 4 kvinner og 4 menn (dette er 2 færre enn sist)

**Saksopplysningar**

Fristane for kommunen sitt arbeid med val av utval av meddommarar er:

- 1.juli 2024: kommunen skal ha gjennomført valet etter domstollova sine reglar, jf. domstollova § 66, 1.ledd
- 15.september 2024: kommunen skal ha meldt inn i portalen namn og informasjon om dei valde, jfr. domstollova § 69, 2.ledd.

Kommunen skal legge til rette for at meddommarutvala skal ha ei allsidig samansetting.

Meddommarane skal i størst mogleg grad spegle befolkninga i kommunen. Det vil seie at kommunen må ta omsyn til alder, yrkesbakgrunn, etnisk og kulturell bakgrunn osv. jf. domstollova § 67.

Veilderen viser også til at Stortinget våren 2023 hadde på dagsorden krav om allsidig samansetting av meddommarutvala. Det vert også vist til ei undersøking gjennomført av NRK der overskrifta er spissformulert slik: "Meddommere i Norge er eldre, rikere og "norskere" - det påvirker straffene". jf. vedlegg.

Når det gjeld jordskiftemeddommarar må desse etter jordskiftelova § 2-5 også ha kunnskap i dei faga som vert handsama av jordskiftedomstolane. Når ein vel desse må ein også ta omsyn til at jordskiftemeddommarane ofte deltek på synfaring i skog og mark, og det gjer at ein må legge vekt på at dei kan ferdast i terrenget.

Meddommarar og skjønnsmenn er ikkje fritekne frå val som jordskiftemeddommar og kan veljast også til det.

Domstoladministrasjonen viser generelt til at kommunane framleis må jobbe med allsidig samansetting, forsøke å rekruttere fleire yngre og fleire med innvandrar- eller miniritetsbakgrunn, og ha fokus på variasjon i utdannings- og yrkesbakgrunn.

Krava for å kunne vere meddommar går fram av domstollova §§ 70 - 72.

Domstoladministrasjonen har tidlegare presisert dette slik;

Norskkunnskap:

- Må forstå norsk tale og tekst og uttrykke seg på norsk

Personleg eigna:

- Må kunne følgje forhandlingane i retten, forstå problemstillingane i saka og ta stilling til desse ved å seie meininga si.

Alder:

- Må vere over 21 år og under 70 år, ved valgperiodens start, den 1.1.2025 (må vere fødd etter 31.desember 1954 og før 1.januar 2024)

Statsborgar og bustad:

- Må vere norsk statsborgar eller i eit anna nordisk land, eller ha stått inn innført i folkeregisteret som busett i riket dei tre siste åra før valdagen. Må vere registrert i folkeregisteret som busett i Sykkylven på det tidspunkt ein blir oppnemnd.

Økonomi:

- Kan ikkje vere under gjeldsforhandlingar, konkursbehandling eller konkurskarantene verken på det tidspunktet ein blir oppnemnd eller i den perioden ein blir oppnemnd for. Ein kan likevel bli meddommar om slike økonomiske høve er avslutta før oppnemninga skjer.

Vandel:

- Må ha plettfrei vandel, altså ikkje vere straffedømd, bøtelagt (gjeld ikkje forenkla førelegg) eller sikta.

Ein kan vidare ikkje veljast som meddommar dersom ein er:

- stortingsrepresentant eller vara
- statsråd, statssekretær eller statsrådens personlege eller politiske rådgjevar
- tilsett ved statsministeren sitt kontor
- statsforvaltar eller assisterande statsforvaltar
- konstituert eller utnemnd dommar
- tilsett ved domstolane eller Domstoladministrasjonen (eller styremedlem for denne)
- tilsett i påtalemyndighet, politiet, kriminalomsorg, Justisdepartementet eller Politidirektoratet
- tilsett eller student ved politihøgskulen eller fengselsskulen
- praktiserande advokat eller fullmektig
- administrasjonssjef i kommunen eller kommunal tenestemann som tek direkte del i førebuing eller gjennomføring av valet.

### Vurdering

Under førebuinga av denne saka er det sendt brev til dei som er registrerte som meddommarar i inneverande periode, der det er bedt om tilbakemelding om dei kan tenke seg å stille seg til disposisjon for nyval.

Vidare er det lagt ut informasjon på kommunen si heimeside og fb-konto, der ein har oppmoda interesserte om å melde seg. jf. domstollova § 68.

Ei samanstilling av resultata av desse kartleggingane vert lagt fram for valnemnda som utgangspunkt for deira tilråding til kommunestyret.

Valnemnda si tilråding skal ligge ute til offentleg ettersyn i 2 veker før saka går til kommunestyret, og då med frist for å kome med innvendingar eller søknader om fritak.

Liste over kandidatane skal også sendast til vandelenheten hos Politiet for vurdering av vandel etter domstollova § 72 og politiregisterloven § 45.

### Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte av denne saka.

Torbjørn Emblem  
kommunedirektør

Sunnøve Hunnes  
stabssjef

### Vedlegg:

Veiledning for val av meddommarar og skjønnsmedlemmar

Nye utval av meddommarar for saker i lagmannsretten for perioden 2025-2028

Valg av meddommarar 2025-2028

Val av jordskiftemeddommarar for periode 2025-2028